

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	26.11.2009	BOY	045/09

Avgjerd av: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Ansv. BOY	Arkiv: N-000	Arkivsaknr 09/3032
Saksbeh.: Bente Øyjordsbakken			

HØYRING - EIT HELHETLIG DISKRIMINERINGSVERN

Dokumentliste: Dokument NOU 200914 er å finne på internett adresse

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/nouer/2009/nou-14.html?id=566624>

045/09: HØYRING - EIT HELHETLIG DISKRIMINERINGSVERN

26.11.2009 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

RMF-045/09 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Diskrimineringsvernet for funksjonshemma i felles diskrimineringslov

Graver-utvalget gjer framlegg om at det ikkje vert lovfesta ei særskilt plikt for dei offentlege styresmakter til å greia ut om sitt likestillingsarbeid. I lovproposisjonen om Diskriminerings- og tilgjengelighetslova argumenterer departementet sjølv med at ei aktivitetsplikt utan nokon form for rapportering truleg vil ha liten effekt på åtferda.

Vi støttar departementet si vurdering om rapportering av aktivitetsplikt. Den komande diskrimineringslova må sikra synleggjering av offentlege styresmakter sine aktivitetar og tiltak som skal bidra til å oppfylle lova sin føremålsparagraf om likestilling.

Diskriminerings- og tilgjengelighetslova si plikt til å greia ut på området må stå ved lag, og ombodet og nemda må fortsetja å ha ansvaret for å handheva både aktivitetsplikta og rapporteringsplikta.

Dagens diskrimineringslovverk for funksjonshemma sikrar ikkje rett til tilgang til varer og tenester der universell utforming er eit utilstrekkeleg verkemiddel. Dette inneber at lovverket ikkje godt nok sikrar dei funksjonshemma det som må til for å nyte godt av same vare- og tenestetilbodet som andre. Ny felles diskrimineringslov må inkludera ein slik rett.

Dagens diskrimineringslovverk inneheld ikkje tidsfristar for kva tid eksisterande bygg, uteområder, transportmateriell og infrastruktur skal vera universelt utforma. Dette er eit heilt nødvendig verkemiddel for å nå visjonen om eit universelt utforma samfunn i 2025, og må verta nedfelt i den kommande felles diskrimineringslova. Skular bør vera den kategorien bygg som vert omfatta av den tidlegaste tidsfristen, seinast 2015.

I dagens diskriminerings- og tilgjengelighetslov vert det heller ikkje nedfelt plikt om at arbeidslokala skal vera universelt utforma. Universelt utforma arbeidslokale er vesentleg for å sikra likestilling i arbeidslivet for menneske med funksjonsnedsettingar og vil støtta opp om arbeidslina. Plikta til verksemda om universell utforming må difor i den kommande lova verta utvida til også å omfatta verksemda sine arbeidslokale.”

Rett utskrift

Dato: 17.11.09

Bente Qjordsbakken

Kopi til:

Det kongelige Barne og Likestillingsdepartement
Ordførar Nils Marton Aadland